



Vedlegg 1

PROSESS for arbeid med overordna – lokal risikovurdering, skulane i Lindås:

1. Vedtak i AMU: Alle einingane i Lindås kommune skal gjennomføre overordna risikovurdering
2. Etablere ei arbeidsgruppe (deltakarar frå HTV, HVO, avdelingsleiar, einingsleiar)
3. Formøte 11.12.13
 1. Kva arbeidsområde skal den overordna risikovurderinga gjelde for? (alle skulane, Læring- og utgreiingssenteret)
 2. Kva skal risikovurderinga omfatte? (overordna, knytt til dei 5 hovudområda i C.4.2)
 3. Utarbeide ei målsetjing for risikovurderinga (overordna – i avdelingane)
 - Målsetjing:
 - Sikre arbeidstakarar og elevar eit godt og trygt arbeidsmiljø
 - Sikre kjennskap til risikofaktorar i verksemda, slik at naudsynte tiltak vert sett i verk
 - Sikre førebuing, beredskap og ansvarsfordeling.
 - Sikre oversikt i arbeidet, ved at skulane kan samle internkontroll (analyse, tiltak, ansvar, oppfølging, øving m.m.) i høve til brannførebyggjande arbeid, HMT-arbeid og beredskapsplanlegging i same handlingsplan
 - Sikre øving i høve til aktuelle krisesituasjonar
 - Sikre oppdatert og tilgjengeleg informasjon om Lindås kommune sine varslingsrutinar (eks. kontaktperson Kriseteam, politi, brann, helse: Kven gjer kva?)
 4. Vurdere kriterium i ROS– metoden (om skildringar og konsekvens er høvande)
 - Vurdert som relevante for vårt område
 5. Vidare framdrift av risikovurderinga
 - Ta utgangspunkt i gjeldande styringsverktøy (Arbeidsmiljølov og særavtalar arbeidstid m.m., Personalhandbok Lindås kommune), gjerne referere konkret frå lovtekst/formulering
 - Ta utgangspunkt i Rettleiar frå Udir.: Alvorlege hendingar i barnehagar og utdanningsinstitusjonar (beredskapsplanlegging).
 6. Innspel frå skulane, HTV, HVO innan den 3.1.14 (C.8.4.2)
 - Sender e-post til alle rektorane)
4. Arbeidsmøte 9.1.14
 1. Vurdere risikofaktorar
 - Kva kan gå galt? Kor galt går det? Kor ofte? Ut frå dette – Kva er dei viktigaste områda å ta tak i?
 - Kva skal vi gjere?
 - Fulle ut dokument C.8.4.2
 - Notat som utgangspunkt for lokalt arbeid med risikovurdering (avdelingane)
 - Flette saman ulike styringsverktøy, fram mot felles handlingsplan på overordna nivå (Brann, HMS, vernerunde). Møtepunkt for arbeid med handlingsplan: 14.3. kl. 8.30-10.30
 - Tidspunkt for rullering av overordna risikovurdering, skule: Februar 2015.
 2. Tilbakemelding til rådmannen
 - Utfylt dokument C.8.4.2 m/kommentar.
 - Vurdering av korleis kriterium i ROS-metoden fungerer (C.8.4.1).
5. Arbeid avdelingsvis:
 1. Overordna risikovurdering - Informasjon om prosess til dei tilsette
 2. Lokal risikovurdering
 - Fastsetje dato for ny risikovurdering
 3. Utarbeide lokal handlingsplan
 - Handsaming av risikofaktorar
 - Internkontroll (analyse, tiltak, ansvar, oppfølging, øving m.m.) i høve til brannførebyggjande arbeid, HMT-arbeid og beredskapsplanlegging
 - Fastsetje dato for ny risikovurdering (knytt til årleg vernerunde?)

